



Til adressatar i følgje liste

Deres referanse

Vår referanse

Vår dato

2004/4066 432.1 TD

2005/7208 432.1 JKA

**Breheimen-Mørkridsdalen: melding om**  
**1) oppstart av planarbeid etter naturvernlova**  
**2) konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova**

*Dette brevet markerer oppstart av verneplanarbeidet i Breheimen-Mørkridsdalen etter naturvernlova, og konsekvensutgreiing av verneplanen etter plan- og bygningslova. Arbeidet med verneplan og konsekvensutgreiing vil gå parallelt.*

**Bakgrunn**

Stortinget har gjennom handsaming av St. meld. nr. 62 (1991-92); *Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge* (Nasjonalparkmeldinga), slutta seg til at det skal utarbeidast framlegg til verneplan for området Breheimen-Mørkridsdalen. Miljøverndepartementet og Direktoratet for naturforvaltning har gjeve Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Oppland oppdrag om å følgje opp Nasjonalparkmeldinga ved å utarbeide framlegg til verneplan for dette området og gjennomføre høyring. Det er verneverdiane i området som skal danne grunnlaget for verneframlegget, men gjennom verneplanprosessen skal fylkesmennene greie ut og i størst mogleg grad avklare tilhøvet til andre samfunnsinteresser i området.

Formålet med dette brevet og denne meldinga om oppstart er å informere om planarbeidet vi skal i gang med, innleie til god medverknad frå aktuelle partar og få innspel til arbeidet med verneplan og konsekvensutgreiing.

**Aktuelt verneområde**

Området ligg i Luster kommune i Sogn og Fjordane, og i Lom og Skjåk kommunar i Oppland. Avgrensinga gjennom eit *førebels* verneplanområde går fram av det vedlagte kartet. Arealet er på omlag 1800 km<sup>2</sup>, fordelt med om lag 600 km<sup>2</sup> i Sogn og Fjordane og om lag 1200 km<sup>2</sup> i Oppland (sjå vedlagde kart).

Om lag 25% av området er statsallmenning, medan om lag 75% er bygdeallmenning og anna privat grunn.

---

Postadresser	E-postadresser	Telefon	Saksbehandlarar
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger	post@fmsf.no	Telefon 57 65 50 00 Telefax 57 65 50 55	Tom Dybwad – tlf 57 65 51 50 E-post: td@fmsf.no
Fylkesmannen i Oppland, Serviceboks, 2626 Lillehammer	postmottak@fmop.no	Telefon 61 26 60 00 Telefax 61 26 61 67	Jørn Karlsen – tlf 61 26 60 57 E-post: jka@fmop.no

### Verneverdiar i området

Heile Breheimen-Mørkridsdalen har uvanleg store variasjonar i landskap og vegetasjon knytt til store skilnader i høgde over havet og til store skilnader i kor mykje nedbør som fell gjennom året, og Mørkridsvassdraget omfattar alle vegetasjonssoner frå fjord til fjell. I Breheimen-Mørkridsdalen er det store samanhengjande areal med inngrepsfrie naturområde. Det er registrert villmarksprega område i begge fylka, med eit samla areal på om lag 350 km<sup>2</sup>. Med inngrepsfrie område meinast område som ligg meir enn 1 km frå tyngre tekniske inngrep, medan villmarksprega områder ligg meir enn 5 km unna slike inngrep. I Breheimen er det store kvartærgeologiske verneverdiar knytt til bre- og breelvavsetningar, med stor variasjon frå spisse toppar til store vidder, som viser ulike måtar brear og breelvar formar landskapet. Heilt spesielt er at her er både avsetningar som viser innlandsisen sine rørsler og avsetningar i istida både mot aust og vest, og dessutan seinare brear sine avsetningar, m.a. frå den vesle istida. Mørkridsdalen har eit svært verdfullt kulturlandskap med m.a. stølsvollar. Kring Høyrokampen er det eit uvanleg rikt og variert planteliv. I delar av planområdet er det eit spesielt dyreliv. Området er også særleg rikt på vassdragsnatur. Heile området i Breheimen-Mørkridsdalen er kontrastrikt med store opplevingsverdiar og det er mykje brukt til friluftsliv.

### **Aktuelle verneformer**

Både nasjonalpark og landskapsvernområde kan være aktuelle verneformer. Fylkesmennene vil difor greie ut begge desse verneformene. Naturreservat kan også vere aktuelt ein eller fleire stader, mellom anna i eit område kring Høyrokampen.

### Kva er ein nasjonalpark?

Nasjonalpark er ein middels streng verneform. I § 3 i naturvernlova heiter det:

*"For å bevare større urørte eller i det vesentlige urørte eller egenartede eller vakre naturområder kan arealer av statens grunn legges ut som nasjonalpark. Grunn av samme art som ikke er i statens eie, og som ligger i eller grenser inntil arealer som nevnt i første punktum, kan legges ut som nasjonalpark sammen med statens grunn. I nasjonalparker skal naturmiljøet vernes. Landskapet med planter dyreliv og natur- og kulturminner skal vernes mot utbygging, anlegg, forurensninger og andre inngrep."*

Ved oppretting av ein nasjonalpark vert det utarbeidd særskilde verneforskrifter som fortel kva restriksjonar som vert lagde på aktivitetar i området. Sjølv om vernereglane er strengare for nasjonalpark enn for landskapsvern, vil det for Breheimen-Mørkridsdalen truleg bli slik at reglane i stor grad vil ta omsyn til den tradisjonelle bruken av området. Det inneber at landbruksdrift, mellom anna beite, stort sett kan halde fram som tidlegare. Det vil bli restriksjonar på tekniske inngrep, hogst, motorferdsle og organisert bruk, medan jakt, fiske og friluftsliv vil vere tillate. Eigedomstilhøva vert ikkje endra ved oppretting av nasjonalpark.

### Kva er eit landskapsvernområde?

Landskapsvernområde er den mildaste forma for vern etter Naturvernlova, og § 5 i lova seier kva som er grunnlaget for og føremålet med eit landskapsvernområde:

*"For å bevare egenartet eller vakkert natur- eller kulturlandskap kan arealer legges ut som landskapsvernområde. I landskapsvernområde må det ikke iverksettes tiltak som vesentlig kan endre landskapets art eller karakter. Fylkesmannen avgjør i tvilstilfelle om et tiltak må anses å ville endre landskapets art eller karakter vesentlig."*

Ved oppretting av eit landskapsvernområde vert det utarbeidd særskilde verneforskrifter som fortel kva restriksjonar som vert lagde på aktivitetar i området. Generelt kan ein seie at

reglane i stor grad tek omsyn til den tradisjonelle bruken av området, og at landbruksdrift medrekna plukkhogst av skog og stølsdrift stort sett kan halde fram som tidlegare. Det vil likevel bli restriksjonar på tekniske inngrep og motorferdsle. Jakt, fiske og friluftsliv vil vere tillate. Eigedomstilhøva vert ikkje endra ved oppretting av landskapsvernområde.

#### Kva er eit naturreservat?

Naturreservat er ei streng verneform etter naturvernlova, og § 8 i lova seier kva som er grunnlaget for eit naturreservat:

*”Område som har urørt, eller tilnærmet urørt natur eller utgjør spesiell naturtype og som har særskilt vitenskapelig eller pedagogisk betydning eller som skiller seg ut ved sin egenart, kan fredes som naturreservat. Et område kan totalfredes eller fredes for bestemte formål som skogreservat, myrreservat, fuglereservat eller liknende.”*

Ved oppretting av eit naturreservat vert det utarbeidd særskilde verneforskrifter som fortel kva for restriksjonar som vert lagde på aktivitetar i området. Det vil bli forbod mot tekniske inngrep, hogst og motorferdsel. Beite, vanleg friluftsliv, fiske og vanlegvis også jakt vil vere lov. Eigedomstilhøva vert ikkje endra ved oppretting av naturreservat, sjå likevel omtale under ”Erstatning” i dette brevet.

#### Erstatning

Krav om erstatning for nasjonalpark og landskapsvernområde vert handsama etter § 20b i naturvernlova. Fordi tradisjonell bruk til vanleg kan halde fram i nasjonalpark og landskapsvernområde, vil det berre vere i unntakstilfelle - der ein grunneigar eller rettshavar vert ramma hardt av vernevedtaket - at vernevedtaket utløyser erstatning.

Eigarar og rettshavarar til eigedom som vert freda som naturreservat har etter § 20 i naturvernlova krav på erstatning av staten for økonomisk tap som følgjer av vedtaket. Eventuell erstatning vert fastsett i samsvar med reglane for vederlag ved oreigning av fast eigedom.

I NOU 2004:28 Lov om bevaring av natur, landskap og biologisk mangfold (Biomangfoldlova) er det gjort framlegg om endringar i m.a. naturvernlova. Dersom framlegga i NOUen blir vedtekne av Stortinget, vil det medføre at det vert betre erstatningsrettsleg vern for nasjonalpark og landskapsvernområde, medan dette vil svekkast noko i høve til situasjonen i dag for naturreservat. NOU 2004:28 er enno ikkje teken opp til politisk handsaming.

#### **Namn**

Namn på verneområdet vil vere ein del av verneplanprosessen. Aktuelle namn er m.a. ”Breheimen” og ”Breheimen–Mørkridsdalen”.

#### **Utgreiingsprogram**

##### Registrering av verneverdiar og brukarinteresser

Fylkesmennene har starta arbeidet med å kartlegge verneverdiar og brukarinteresser innan biologisk mangfold, geologi, reiseliv og friluftsliv, landbruk (inkludert tamreindrift), villrein, kulturminne og landskap. Desse rapportane vil så danne grunnlag for ei konsekvensutgreiing.

##### Konsekvensutgreiing

Verneframlegget omfattast av krav til konsekvensutgreiingar etter § 33 i plan- og bygningslova.

Formålet med konsekvensutgreiinga er å få fram viktige konsekvensar av eit vern på miljø, naturressursar og samfunn. Utgreiinga skal sikre at verknadene av eit vern blir vurdert under planlegginga og når avgjerd blir teke i saka. Den skal også sjå til at interessene til lokalbefolkninga og ressursane i området kjem godt fram. Verneverdiane knytt til landskap, urørt natur, kulturminne, vassdrag og plante- og dyreliv vil bli dokumenterte. Ein vil kartleggje ulike inngrep og brukarinteresser i området, og vurdere korleis desse kan påverke verneverdiane, og korleis vernet kan påverke brukarinteressene. Det vil truleg vere aktuelt å vurdere konsekvensane av 3 alternativ: nasjonalpark/landskapsvernområde/ikkje vern. Dette vil munne ut i eitt eller fleire verneframlegg med ulike verneformer (nasjonalpark /landskapsvern/naturreservat), grenser og forskrifter.

Utgreiinga vil også gå gjennom korleis dei ulike reglane i verneforskriftene vil bli praktiserte, og ein vil skissere korleis informasjon og oppsyn vil bli organisert.

Aktuelle tema som konsekvensane bør utgreiast for er

- Biologisk mangfald/naturmiljø (inkludert vilt)
- Villrein
- Landskap
- Kulturminne
- Kulturmiljø og kulturlandskap
- Friluftsliv og naturoppleving (også utøving av jakt og fiske)
- Reiseliv (tilleggsnæring i landbruk, turisthytter, guiding, alpinsenter, samla vurdering)
- Hytter og andre bygningar (vedlikehald, restaurering, nybygg)
- Landbruk (dyrka mark, innmarksbeite, beitebruk og stølsdrift, skogbruk, samla vurdering)
- Tamrein
- Vasskraft (eksisterande anlegg, nye utbyggingar, mini-, mikro- og småkraftverk, samla vurdering)
- Samferdsel
- Motorferdsel
- Anna (nærings-)aktivitet
- Samfunn og lokal forvaltning

Det er Direktoratet for naturforvaltning som er ansvarleg styresmakt for konsekvensutgreiingsprogrammet, men det er fylkesmennene som står for sjølve utgreiinga. Fylkesmennene vil leggje opp utgreiinga i nær kontakt med aktuelle kommunar og fylkeskommunar.

### **Referansegrupper og kontaktutval**

Ut frå førebelse diskusjonar lokalt og tidlegare erfaringar foreslår fylkesmennene å opprette tre lokale referansegrupper/arbeidsgrupper (ei i kvar kommune) og eit regionalt kontaktutval for verneplanprosessen for Breheimen–Mørkridsdalen. Desse gruppene vil gje kunnskap om området og ha rådgivande funksjon. Vi ønskjer at ordførarane er med i kontaktutvalet for å sikre ei best mogleg lokalpolitisk forankring i arbeidet. Fylkesmennene har ikkje teke stilling til kven/kva for instansar som bør vere representerte i referansegruppene og kontaktutvalet utover det at kvar kommune må vere representert.

Det vil også vere ei avveging om kor store gruppene bør vere for å kunne fungere godt. Fylkesmennene ønskjer å diskutere med kommunane kven som bør vere representerte i referansegruppene og kontaktutvalet, før vi går ut med invitasjon om å oppnemne medlemmer

til gruppene og utvalet. Vi kjem difor tilbake til oppretting av gruppene i eit eige brev til dei som blir inviterte til å vere med i dette.

Kommunal/regional arealplanlegging og tiltak i utgreiingsområdet for vern  
Miljøverndepartementet bad i brev av 18.09.1992 kommunar og fylkeskommunar som er omfatta av Nasjonalparkmeldinga om å unngå planlegging og/eller å setje i verk tiltak og inngrep i naturen som vil redusere/øydeleggje verneverdiar i dei aktuelle områda. Regjeringa sin nasjonalparkmelding skal oppfattast som ei rikspolitisk retningslinje for kommunal, regional og statleg arealplanlegging.

### **Saksgang vidare**

Dette brevet saman med annonser i lokalaviser og Norsk Lysingsblad markerer oppstart av verneplanarbeidet. Det vil bli halde lokale orienteringsmøte om verneplanarbeidet i kvar einskild kommune.

*Frist for å kome med førebelse innspel og merknader til arbeidet og tema for konsekvensutgreiinga vert sett til*

**15. mars 2006.**

Fylkesmennene legg opp til å arrangere opne møte om verneplanen og ta synfaringar der vi eller grunneigarane ønskjer dette. På grunnlag av møte, synfaringar og andre innspel vil det bli utarbeidd eit framlegg til verneområde med verneforskrifter og avgrensing. Framlegget vil bli sendt på høyring til alle grunneigarar, organisasjonar og organ på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå som har interesse i verneplanane. Det vil då bli sett ein frist for å kome med merknader til framlegget.

Etter at planen har vore på høyring, vil fylkesmennene oppsummere alle dei lokale innspela og sende si tilråding over til sentrale styresmakter, som vil leggje planen fram til endeleg avgjerd i Regjeringa (Kgl. res.).

### **Adresselister**

Dette brevet er sendt ut til alle grunneigarar og rettshavarar innanfor det aktuelle området, lokale, regionale og nasjonale organ og organisasjonar som kan ha interesse av planarbeidet.

Vi ber om forståing og orsaking for om det skulle vere feil og manglar ved adresselistene, og ber samstundes om tilbakemelding på manglar eller feil adresse o.l. til fylkesmennene ved miljøvernavdelinga, tlf 57 65 50 00 (Sogn og Fjordane) eller 61 26 60 00 (Oppland).

### **Informasjon på internett**

Fylkesmennene vil opprette ei felles nettside for arbeidet med verneplan for Breheimen–Mørkridsdalen. Her vil alle offentlege dokument med brev, kart, fråsegner m.m. bli lagt ut etterkvart. Internettsida finn ein ved å gå inn på dei to fylkesmennene sine nettsider [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no).

### **Annan informasjon**

Spørsmål om planarbeidet kan rettast til følgjande personar:

- rådgivar Tom Dybwad, tlf 57 65 51 50 (Sogn og Fjordane)
- fylkesmiljøvernssjef Nils Erling Yndesdal, tlf 57 65 54 16 (Sogn og Fjordane)
- overingeniør Jørn Karlsen, tlf 61 26 60 57 (Oppland)
- senioringeniør Kolbjørn Hoff, tlf 61 26 60 58 (Oppland)
- avdelingsdirektør Sigurd Tremoen, tlf 61 26 60 50 (Oppland).

**Skriftlege innspel sendast til**

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger eller  
Fylkesmannen i Oppland, Serviceboks, 2626 Lillehammer  
**innan 15. mars 2006.**

Med venleg helsing

Oddvar Flæte  
Fylkesmann i Sogn og Fjordane

Kristin Hille Valla  
Fylkesmann i Oppland

**Vedlegg:**

Kart med førebels verneplanområde for Breheimen–Mørkridsdalen (utgreiingsområde)  
Standard verneforskrifter for landskapsvernområde  
Standard verneforskrifter for nasjonalpark  
Standard verneforskrifter for naturreservat  
Figur over gangen i ein verneplanprosess

**Kopi m/vedlegg:**

Miljøverndepartementet, postboks 8013 Dep., 0032 Oslo  
Direktoratet for naturforvaltning, 7485 Trondheim